



## Referat styremøte i NJFF - Sogn og Fjordane

**Stad:** Skei servicestasjon, Skei

**Tid:** Torsdag 13. juni 2022, kl. 18.00

**Frammøtte:** H. Haugholt, I. Lo Sunde, F. Ølmheim, B. Eikenes, T. Johansen, T. Eimhjellen, R. Seim. M. Jakobsen med på teams.

**Ikkje møtt:** S. Solberg

### Sakliste:

#### **47/22 Godkjenning av ref. frå siste styremøte**

*Vedtak:*

Godkjent

#### **48/22 Referatsaker**

Reidun:

- 2. juni, Nesholmen. Planleggingsmøte friluftsløysleir.
- 2. juni, teams. Møte admin og FS.
- 7. juni, Florø. Opning av nytt klubblokale og 60-års jubileum.
- 8. juni, teams. Teamsmøte med lokallaga
- 10.-12. juni, Nesholmen. Friluftsløysleir for ungdom.

Ingunn:

- 7. juni, Florø. Opning av nytt klubblokale og 60-års jubileum.
- 10.-12. juni, Nesholmen. Friluftsløysleir for ungdom.

#### **49/22 Kontakt med lokallaga**

Frode: kontakt med Luster og Leikanger. Luster jfl og Leikanger jfl er godt i gang med aktivitetar og har styremøter.

Henning: Bryggja og omegn jfl: ny leiar Jostein Hole. Nytt styre og nytt namn. Askvoll jfl: mykje skyting, ynskjer at styret kjem og skyt på konkurranse. Ynskjer straum på skytebanane, fylkeslaget hjelpe med søknader for å få ned kabel? Styret i Høyanger jfl ynskjer å melde seg ut, skal ha avstemming og vil ut av NJFF på neste årsmøte. Er redd for at det blir for mange som vil fiske og at NJFF sentralt skal ta over økonomi og laget. Gaular jfl: ikkje fått tak i.

Torger: Kontakt med Gloppen jfl, skal halde eit fangstkurs for dei. Hyen jfl: kjøpte ny kastar til haglebanane, fått eigne kveldar på det – onsdagar.

Ingunn / Terje: Flora jff opna nytt klubblokale og 60 års jubileum. Skal opne ny haglebane neste tysdag.

### **50/22 Evaluering av fylkesleiren**

Var 73 deltakarar, var ein veldig fin leir. Fleste kom frå Førde og Gloppen. Nokre frå Sogndal, ein gjeng frå Ukraina. Fleire konkurransar på leiren: fiskekonkurranse, kahoot, aktivitetsti, kanopadling, fotballkamp instruktørar – deltakarar.

Skytegruppa: 42 deltakar, delt i 3 grupper: rifle, hagle og luftgevær. Fungerte veldig fint.

Laksefiskegruppa: 6 deltakarar. deltakarane var veldig flinke, hadde fiska tidlegare.

Planlegging her bør forbedrast.

Nesholmen veldig flott plass, kunne bruke mykje inneområde for både aktivitet og soving ved dårleg veir. Veldig kjekt for dei vaksne også.

Ro i leiren kl 24 begge dagar.

Sjå over fiskeutstyr tidlegare.

Instruks og bemanningsplan kom litt tregt, vere litt tidlegare ute med det. Betre instruks på alle gruppene, kan lage dei no i ettertid, klare til neste år.

Alle gruppene må rydde etter sine ting og rydde i sine «kasser», slik dei ser ut etter leiren, ser dei ut når de kjem neste år. Knivar og skjærefjølør vaskast på kjøkkenet før dei pakkast ned.

Premiering: litt meir premiar, hugse å hande inn til alle. (alle som skal ha konkurranse må gje beskjed kva premiar dei skal ha kor mange)

Den som tar imot deltakarar: hugse å spørje etter skyteløyve

### **51/22 Samling for dei ulike tillitsvalde og instruktørar i lokallaga**

Presentere seg sjølv, kva aktivitet har de, korleis få fleire aktivitetar, samarbeid på tvers av lokallaga. Støtteordningar – midlar. Profilering. Dele erfaringar, tips.

*Vedtak:*

Teamsmøte med tillitsvalde og instruktørar onsdag 17. august kl 19.30, kvar sine møter.

Henning lagar agenda til innkalling, Reidun sender innkalling til alle.

Fysisk møte laurdag 4. februar ca kl 10-16, Skei. Fylkeslaget betalar møte og lunsj.

### **52/22 SoMe**

*Vedtak:*

Konsenterer oss om å bli betre på instagram. Alle i styret har tilgang til kontoen.


### **53/22 Planlagte aktivitetar**

Kastekurs 18. juni, Vik. Få påmeldte, med aktiviteten blir.

### **54/22 Ymse**

Fylkeslaget ber jaktutvalet utgreie om fylkeslaget skal sponse premie til lokallaga til predatorkonkurranse.

Friluftslair for ungdom i Sogn? Høyrer med lokallaga om interesse. Hafslovatnet el Tungestølen?



Neste teamsmøte med lokallaga måndag 15. august. Veldig kjekt om alle / dei fleste kan ha på kamera og presentere seg. Styremedlemene kan gjerne ringe dei som dei er ansvarleg for, og prøve å få dei med.

Referent  
Reidun Seim

